



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4838 - 22/19389

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
08.03.2022

## **Vedkomande søknad om dispensasjon for opparbeiding av parkeringsplass - 172/211 Hopland**

Tiltak: Parkeringsplass  
Byggjestad: Gbnr: 172/211  
Tiltakshavar: Bente Skare og Terje Seim  
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Alver kommune viser til søknad om dispensasjon og løyve til opparbeiding av parkeringsplass til privat bruk på eigedomen gbnr 172/211. Saka har vore på høyring. Vestland fylkeskommune har gitt uttale i saka i brev datert 24.02.2022. Uttalen følgjer vedlagt.

Som fylkeskommunen skriv vil tiltaket krevja at det vert søkt om utvida bruk av avkøyrsla til fylkesvegen då reguleringsplanen ikkje har tatt høgde for bruk av arealet til privat parkering. Det er kommunen som behandlar søknaden om utvida bruk etter uttale frå Vestland fylkeskommune.

Søknadsskjema ligg på Vestland fylkeskommune sine heimesider. Sjå her [Søknad om avkøyrsla - Vestland fylkeskommune](#)

Det er oppgitt i søknaden at parkeringsplassen skal vera for heimelshavar sin eigen bruk, men det er ikkje sagt noko om kva trafikk parkeringsplassen vil generera.

Kommunen kan behandla søknaden om dispensasjon når opplysningar om dette ligg føre. Søknaden om løyve til å etablera tiltaket kan takast til behandling når det er søkt om utvida bruk av avkøyrsla til fylkesvegen og uttale frå Vestland fylkeskommune ligg føre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn snarast og seinast innan **15.04.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Uttale - Dispensasjon - parkeringsplass - gbnr 172/211 Hopland

**Kopi til:**

Bente Skare Seim	Sollia 46	5912	SEIM
Terje Seim	Sollia 46	5912	SEIM

**Mottakarar:**

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------